



Arkivnr: 2015/5638-63

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		16.01.2019
Fylkesutvalet		31.01.2019

## Utlysing driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland - gjennomgang av driftsnivå

### Samandrag

I Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029 vert det lagt opp til å ha ein gjennomgang av driftsnivået før utlysing av nye kontraktar. Driftskontraktperioden for desse to kontraktane går fram til og med august 2019 og Statens vegvesen legg opp til å lyse ut kontraktane i starten av 2019.

Fylkesrådmannen legg til grunn at dagens driftsnivå vert vidareført og tilrår at fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.

**Økonomi:** Når nye kontraktar skal lysast ut vil det vere ein usikkerheit knytt til kostnadsnivå.

Fylkesrådmannen vil følgje utviklinga i kostnadsnivå på driftskontraktane tett. Med utgangspunkt i vedteken strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vil fylkesrådmannen ta stilling til kva tiltak ein kan sette i verk om det oppstår avvik i forhold til budsjett.

**Klima:** God nok kvalitet på drift og vedlikehald av vegnettet er viktig for framkomst og sikkerheit for kollektivtrafikken og dei mjuke trafikantane, j.fr. nullvekstmålet.

**Folkehelse:** Høg kvalitet på vintervedlikehald av gang- og sykkelveggar, som sikrar god framkomst, sikkerheit og bruk av vegane, er positivt for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Vedteken strategi for drift og vedlikehald byggjer på RTP som igjen er forankra i Regional planstrategi.

## **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Grunnlagsnotat frå Statens vegvesen - DK 1206 Voss
- 2 Grunnlagsnotat frå Statens vegvesen - DK 1207 Sunnhordland

## Fylkesrådmannen, 21.12.2018

I Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029 vert det lagt opp til å ha ein gjennomgang av driftsnivået før utlysning av nye kontraktar.

På grunn av regionreforma og endringar av vegadministrasjonen vil det verte endringar i forvaltning av driftskontraktane frå 01.01.2020. Det er ein tett dialog mellom fylkeskommunane og Statens vegvesen om korleis ein skal handtere overgangsordningar, og det vil bli lagt fram eiga sak på dette til Fellesnemnda i løpet av 2019. Denne saka som vert lagt fram no er avgrensa til gjennomgang av omfang og driftsnivå i kontraktane 1206 Voss og 1207 Sunnhordland. Kontrakt for Sunnhordland vil inkludere fylkesvegane i Sveio kommune, som er forankra i vedtak i fylkesutvalet februar 2018. Fylkesutvalet vedtok då at ein skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane som vert lyst ut.

Driftskontraktperioden for desse to kontraktane går fram til og med august 2019 og Statens vegvesen legg opp til å lyse ut kontraktane i starten av 2019. Vedlagt følgjer grunnlagsnotat frå Statens vegvesen som viser kva omfang og driftsnivå det er lagt opp til. I vedteken strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029 er lagt til grunn og at dagens driftsnivå vert vidareført. Statens vegvesen sine handbøker med utgangspunkt i krava i «Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger» lagt til grunn.

Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029 har eit hovudmål, med tre underpunkt:

Hordaland fylkeskommune skal ha eit trafikkikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet. Det skal leggjast vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald. Drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal organiserast og utførast på ein måte som gjev liten økonomisk risiko og har god kvalitet.

1. Ein skal styrke vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett gjennom å sikre nok midlar til forsvarleg drift og vedlikehald av vegnettet.
2. Ein skal sikre at nivået på drift- og vedlikehaldsarbeidet er tilpassa endringar i klima.
3. Ein skal sikre god kontrakt- og økonomistyring, og god kvalitet i leveransane.

## Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen legg til grunn at dagens driftsnivå vert vidareført. I utlysinga vert det føresett å ha fleksibilitet til å kunne tilpasse seg overgangsordningar og endringar etter 01.01.2020. Dersom ein får nedtrekk i budsjett eller krav til innsparing vil ein følgje retningslinjene i gjeldande strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I vedlagt grunnlagsnotat frå Statens vegvesen er det skissert ein ny kontraktperiode fram til 2024, men i utlysinga vil lengda på kontraktane og andre vilkår verte tilpassa i forhold til kva overgangsordningar som vert bestemt skal gjelde. Det er ein dialog mellom fylkeskommunane og Statens vegvesen om overgangsordningar etter 01.01.2020 og dette vil som nemnt bli presentert i eiga sak til Fellesnemnda i løpet av 2019. Samordna drifts- og vedlikehaldsstrategi på fylkesvegane i nye Vestland fylkeskommune må ein kome attende til når den nye organisasjonen er på plass. Fylkesrådmannen meiner det ikkje er naturleg å vurdere endringar i driftsnivå før dette er samordna i Vestland fylkeskommune.

Ved utlysning av desse kontraktane vil det verte vektlagt å ha fleksibilitet til å kunne gjere endringar, til dømes trekke ut drift og vedlikehald av enkelte rasteplassar og anlegg langs turistvegar i eigne driftskontraktar. Det er eksempel på at drift- og vedlikehald av enkelte rasteplassar og anlegg ikkje alltid fungerer optimalt i gjeldande kontraktar. Om det er aktuelt å vurdere endringar vil fylkesrådmannen kome attende til dette.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.